

## Møtebok 2 i Lykling sokneråd 5/2 - 2020

**Dag:** Ons 05.02.20

**Tid:** kl 19:30-21:30

**Stad:** Lykling kyrkje

### **Frammøtte rådsmedlem:**

Inger Sele, Fridleif Lydersen, Heidi Vold Ådnanes, Linda S. Gunnarsjaa, Elisabeth Bjørnevik, Astrid L. Sakseid, Sissel S. Gåsland,

**1.vara:** Arne Thorsen og **kantor** Øystein Lund Olafsen

Heidi opna møtet med ei lita andakt henta frå Bømlo Nytt, 2014

Leiaren takka, ønskte velkommen til soknerådsmøtet og innleia med ei lita bøn frå skrivaren vår: Kan medlemmane vera snill å hugsa på å retta opp neven, be om ordet og venta på tur under drøftingane. Gjer det lettare for skrivaren å skriva referat. Mange var flinke til det i kveld.

### **Sak 14-20 Godkjenning av referat og innkalling.**

- Til sak 04-20. Ansvar for å ta kontakt med bakarane våre til kyrjekaffi 16.02?
  - Kyrjekaffi går ut fordi Tårnagenthelga går ut. Ikkje nok deltakrarar.
- Til sak 09-20. Ansvar for å ta kontakt med Osternes mannskor for avklaring?
  - Osternes mannskor, avlyst!
- Til sak 11-20. Ansvar for å få sletta tlf nr under preikelista i Bømlo Nytt?
  - Tlf nr er sletta av Trygve.

### **Sak 15-20 Meldingar og skriv**

- Mail frå prosten i Sunnhordland ang opprettning av Sunnhordland prostiråd som ei foreining.
- Mail frå Trygve Leigland: Mercy ship takker for gåva.
- Mail frå Liv Merete Pedersen. Tårnagenthelga avlyst grunna for få deltakrarar. Det same gjeld Lys Vaken til hausten. To klassetrinn vert slått saman til neste år, både vår og haust.
- Mail frå Trygve. Gjeld ringeliste til brann- og tyverialarm. Sett det opp som sak til neste møte.

- Mail frå Arvid Steinsvåg ang høgtalaranlegget i kyrkja. Vart litt drøfting her. Øystein tek hand om saka. Han meiner det ikkje er noko feil på lydanlegget, men skal sjekka litt ang teleslynger. Han har allereie undersøkt litt om ny PC, nytt miksebord, vil ta vekk projektor med meir. Han tek ansvaret. Fellesrådet har løyva 30000kr til dette.

### **Sak 16-20      Invitert gjest kantor Øystein Lund Olafsen**

Kort frå møtebok 1.20: *Kan forsongargruppa sitje/stå framme i kyrkja i staden for oppe på galleriet? Vil det hjelpe på opplevinga av fellesskap? Soknerådet ønsker å diskutere dette med kantor.*

*Første planlegging av julekonserten 2020 i samarbeid med kantor.*

Heidi orienterte om bakgrunn for ønsket: gir oppleveling av å være fleire i fellesskapet.

Nokre innspel om at ein skilde forsongarane er redd for å stå på utstilling. Kantor meiner det går bra, men presiserte at forsongarane må stå/sitja framfor galleriet.

Vedteke at ein prøver ei stund med forsongarane nede i kyrkjeskipet.

Kantor tek ansvar med å fornye lydanlegg. Fellesrådet har sett av kr 30000,- til dette. Utgifter utover løyvingar frå fellesrådet kan hentast frå konto «offer til kyrkjemusikalsk arbeid».

### **JULEKONERTEN: 29.nov 2020 kl 17.00**

Naturleg at desse lokale aktørane er med:

- Våge skulemusikkklag
- Bømlo folkehøgskule
- Lydius

Me ønsker og å spørja fleire av våre unge musikarar som t.d.: Julie Urangsæther, Rebekka Pedersen, Marius Selle, Johannes Thorsen, Kathrine Bjørnevik, Gruppe frå korps m.m.

**Lysmessa:** konfirmantane sitt ansvar, oppfordrar til at konfirmantane lager invitasjonar til fadrar, foreldre, besteforeldre og resten av slekta. Oppfordrar me folkehøgskulen til å stille med songkrefter til lysmessa. Me spør også Bømlo Kormix om å delta under lysmessa.

Det har komme negative reaksjonar på at kyrkja og bedehuset hadde arrangement i lag. Då det har komme flest positive tilbakemeldingar, vert vedteke at det vert fest kommande jul og.

### **Sak 17-20 Årsmøte Lykling 15.03.20 – etter gudstenesta**

Budsjett, rekneskap, årsmelding – klart til årsmøtet?

Ansvar for å kjøpa inn kaffi og kjeks? Ansvar for klargjering og servering i/etter årsmøtet?

Budsjettet må utsetjast til neste møte. Vedteke at overskotet skal setjast inn på disposisjonsfondet.

### **Sak 18-20 17. mai 2020**

Utdrag frå referatet etter førre møte i soknerådet 08.01.:

*Soknerådet er svært usamd i at ruta skal endrast då dette vil medføre enno mindre oppslutning om og redusere kyrkja si rolle i nasjonaldagen. Ein vil miste det grunnleggande i feiringa:*

- *Grunnlova bygger på vår kristne og humanistiske arv.*
- *Minnestøtta over falne i krigen står ved kyrkja og det er på sin plass å heidre dei falne med krans, minneord og nasjonalsong på sjølve nasjonaldagen. Dette er ein svært viktig seremoni i nasjonaldaysfeiringa, skal ha ein sentral plass og bør ikkje gjerast om til noko eige for spesielt interesserte.*
- *Det historiske aspektet er viktig: Kyrkja har vore og er framleis viktig i dei store hendingane i livet. Ho gir ei eiga høgtid og dimensjon over dagen. Det vart ringt med kyrkjeklokkena ved frigjeringa, og i dag, som den gong, har klokkeklangen eit viktig bodskap.*

På møtet med FAU kom det fram at det er delte meiningar både i FAU og skulekorpsom om endring av ruta for toget (frå Kanalen til Våge skule). Folkehøgskulen er positiv til at gudstenesta kan haldast der.

Minnestøtta og kransenedlegging var sentralt i diskusjonen. Det kom forslag om å stelle i stand ei fiktiv kransenedlegging på Våge, for så å køyre kransen til minnestøtta utanfor kyrkja i løpet av dagen. Tidspunkt for servering av suppa er og eit diskusjonsemne: Etter at ein starta suppeserveringa midt i kyrketida (som einaste krins på Bømlo), har besøkstalet under 17.maigudstenesta gått merkbart ned.

I soknerådet vart det diskusjon og tankar omkring fleire løysingar, men me kan ikkje sjå at 17.mai feiringa tener på å flytta gudsteneste og tog.

Me stiller oss undrande til om FAU har mandat til å vedta ei så stor endring på vegne av heile bygda.

Me appellerer og igjen til FAU om å utsetje suppeserveringa ein time: Det er unødvendig å drive med konkurrerande arrangement i bygda på nasjonaldagen.

Det vart vedteke at soknerådet ikkje kan gå inn for flytting av gudstenesta 17.mai. I staden må me sjå på kva me kan fylla gudstenesta med for å freista folk til må komme. Elisabeth snakkar med korpset om å spela inne i kyrkja under gudstenesta. Inger spør Margrethe om skulen har eit kor som kan synga i gudstenesta. Heidi avtalar nærmare med Lydius.

### **Sak 19-20 Visjon for Lykling kyrkje og soknet**

*Me ønsker å arbeide ut ein visjon for soknet. Prosessen er sett i gong, og me jobbar videre med det.*

Kva for mål skal me ha å jobba mot dei neste 4 åra?

Denne saka må takast vidare til neste møte grunna tidspress.

### **Sak 20-20 Ymse**

- I fjar hadde **Kimen** ein svært vellukka tur til klatreparken i Nedstrand laurdag før konfirmantgudstenesta. Me ønsker å gjere dette i år og.

Inger spør Arild Selle om han kan være sjåfør. Me håper å kunna låna minibuss på folkehøgskulen som i fjar. Då vert og bilturen ein sosial del, og ikkje berre ei transportetappe.

- Utdrag frå referatet etter førre møte i soknerådet 08.01.:  
*Korleis kan me får folk til å setje seg framme i kyrkja? Forslag om å kjøpe fine tau til å «stenge» dei bakarste rekkene med når ein ikkje venter mykje folk. Fleire hadde sett dette brukt andre stader.*

Vedteke å kjøpa slike tau. Elisabeth og Ola har kontroll på det.

- Soknerådet vil sende inn forslag til frivillighetsprisen til hausten ved å nominera folk i kyrkjelyden.*

Vert diskutert nærmare på neste møte.

**Neste soknerådsmøte onsdag 11.mars kl 17:30.  
Elisabeth er vertinne (Arne i reserve ved behov)**

